



# 17.mai 2020 i Ytre Gulen



Grunna smittevernreglar vert det ikkje folketog og tradisjonell 17.mai-feiring i år. Byrknes skulemusikk med hjelparar vil gå i tog, spele og skape 17.mai-stemming. Vi oppmodar folk til å høyre på korpsmusikk, vinke med flagg og rope «HURRA» til korpset når dei går forbi.

- 10.00 Mjømna kyrkje: Kransenedlegging ved minnestøtta.
- 11.15 Nordre kai, Byrknes: Korpsmusikk.
- 11.30 Byrknes skule: Kransenedlegging ved minnestøtta, diktlesing, korpsmusikk.
- 12.00 Byrknes bu- og omsorgssenter:  
Helsing, song og korpsmusikk til dei eldre.
- 12.25 Korpset går via byggjefeltet, rundt Nesevågen og til butikken. Dei har spelestopp undervegs.
- 13.00 Felles for heile Noreg: Vi syng «Ja, vi elsker».
- 13.05 Bilkortesje (mot sør): Start ved Byrknes Landhandleri.  
Rute for bilkortesje: Nesevågen, Ånneland, Sande, Skipavika og retur.

Vi oppmodar **alle som vil** til å delta i bilkortesjen som blir felles 17.mai-tog for heile Ytre Gulen. Pynt gjerne bilane og tut masse når vi køyrer forbi folk og hus.



Rebusløp: 10.klasse ved Byrknes skule har laga rebus. Første post er ved «Krambua» på Byrknes. Det er gangavstand mellom postane og rebusen er tilgjengelig heile dagen. Frist for å levere inn svar: kl. 20.00.